

G14: Sterk avslutning på god sesong.

20.10.2016



Stor jubel hos G 14-laget etter imponerende siger i Odda

G14-laget til Rosendal med mange spelarar frå Uskedalen avslutta i dag sesongen med ein sterk bortesiger mot Odda. Uskedalen.no sin medarbeidar, Vidar Haugland, har fulgt laget gjennom sesongen, og den gamle A-lagskjempa er svært imponert over utviklinga til laget.



Dei to mest dominerande spelarane på banen: 3-mål-scorar Jeppe Søllesvik og bestemann i Odda, Sander Simensen

Fakta frå kampen:

Siste seriekamp i G14(Samansett lag frå 5 bygder under namnet Rosendal)

Bane: Odda stadion

Dato: 20.okt.

Motstandar: Odda I.L.

Resultat Odda - Rosendal 2-4 (2-2)

Mål:

17. min: 1 - 0

20. min: 1 - 1 Jeppe Søllesvik

24. min: 2 - 1

28. min: 2 - 2 Sander Simensen

47. min: 2 - 3 Jeppe Søllesvik

49. min: 2 - 4 Jeppe Søllesvik



Oppvarming før kampen

Kampreferat:

Odda starta kampen best, hadde eit knallhardt stolpeskot i 14.min, og vann duellane over heile banen. Det var difor fullt fortent då Odda tok leiinga 1-0 i 17. min. Etter målet jamna kampen seg ut. Rosendal gjorde nokre skiftingar i forsvaret, og laget vart også betre organisert. I tillegg kom aggresiviteten i duellane. Laget kom meir frampå banen, og målfarlege Jeppe Søllesvik sette inn 1 - 1- målet på eit kontrollert skot i hjørnet. Men Odda var framleis farlege og kom att. I det 24.minutt gav ein smart odding laget leiinga på eit kjapt skot, og i denne perioden kom Rosendal-laget litt bakpå. Men Rosendal har Sander. Sander Simensen. Han jobba som ein galeislave heile kampen, og i det 28.minutt sende han i veg ein 'kanon' frå 25 m. 2 - 2, og med det resultatet ebba omgongen ut.

I pausen må trenarduoen Lars Emil og Jonny ha jobba godt med laget. Rosendal dominerte 2.omgongen. Eit godt, bastant forsvar styrte kampen, - med kontante tacklingar, finslepne avdriblingar i ultraklassen og lange framspel til spissane Jeppe og Magne. På 2 av desse framspela kom Jeppe seg heilt gjennom Odda si forsvarsrekke og sette inn 2 nye mål. Rosendal dominerte heilt, og Odda hadde ein sjanse, på eit soloraid, som var farleg nok, men Sander Elias var der han skulle vere. Som vanleg. Rosendal har 2 gode målvakter, gode vingbacker og vinger og giftige spissar. Men Sander er motoren. Han styrte midtbanen mestedelen av kampen og inspirerte dei andre på laget til å yte meir.

Eg er imponert over utviklinga til laget, og Lars Emil og Jonny har all ære av arbeidet dei har gjort med gutane. Etter 4-2-sigeren over Odda vart det 2.plass i serien i år. Eg ser fram til neste år.



[Hjørnesparka til Rosendal gav alltid målsjanse.](#)

Tekst og foto: Vidar Haugland
Nett: Thor Inge Døssland